

# Årsmelding 2021

## For Normisjon Møtepunkt B



Dette er årsmeldinga til Normisjon Møtepunkt B for arbeidsåret 2021. Sjølv om Møtepunkt B og Sandane Normisjon eksisterte som to eigne einingar med eige organisasjonsnummer, gjorde årsmøtet i september 2020 vedtak om å fusjonere dei to einingane til ei felles. Difor vert det berre ei årsmelding for den fusjonerte eininga Normisjon Møtepunkt B.

### Styret for Normisjon Møtepunkt B, valt 22.09.2021

Anita Sande	styreleiar
Geirmund Kvamme	nestleiar
Ståle Austrheim	styremedlem
Kjell Magne Birkelund	kasserar



Vegard Tennebø møter også i styre som sekretær og har vore leigd inn som forsamlingsleiar i 10%.

Styret har hatt 2 møter og handsama 20 saker.  
(sept-des 2021)

### Generelt om året:


Første semesteret av året var prega av strenge restriksjonar i høve pandemien, men normal drift starta opp att hausten 2021. Det dominerande fokuset i løpet av 2021 har vore: restart, etablere på ny – få starta opp att heile fellesskapet.

Store delar av vårsemesteret var også prega av at Vegard T var ute i sjukemelding grunna hjernerystelse. Dette, saman med pandemien, sette sitt tydelige preg på semesteret.

Aina og Jesper Lemming og Lovise Hafnor gjekk også ut av leiargruppa ved nyttår etter 3 år. Dei har gjort ein ubeskriveleg stor innsats i denne etableringsfasen av Møtepunkt B sidan 2018. Det krev meir enn dei fleste ser og trur å starte opp og gjere levedyktig eit fellesskap som Møtepunkt B. Stor takk for den innsatsen og det engasjementet som desse tre har lagt ned for fellesskapet så langt!

Gunhild Gimmestad, Jon Kjetil Fossli og Andreas Tjomsland kom inn i leiargruppa. Leiargruppa har dermed denne samansettinga:

Gunhild Gimmestad	barn
Jon Kjetil Fossli	musikk og lovsong
Ørjan Brunstad	medarbeidaransvarlig
Andreas Tjomsland	smågruppeansvarlig
Vegard Tennebø	leiar



Hautsemesteret gav gledeleg oppstart og mykje jobbing med å få på plass både nytt og gammalt medarbeidarskap. Bortsett frå at vi måtte avlyse siste adventsgudstenesta før jul,

og levde i eit noko nomadisk tilhøve i starten av semesteret, var glada stor over å få starta opp att på bedehuset 10. oktober.

## Aktivitetar

### I løpet av våren hadde vi:

- 4 zoom-gudstenester
- 1 nattverdsgudsteneste i samband med påska
- 4 fysiske barnesamlingar på bedehuset
- 3 sosiale *fotball på storskjerm* - samlingar i bedehuskjellaren i løpet av EM2021 (juni)
- 12 ungdomsalphasamlingar på nett, Møtepunkt Ung (17. mars -9. juni)
- Ca 10 alpha-samlingar for vaksne, hovudsakleg på nett og 2 alpha-middagar fysisk



### I løpet av hausten hadde vi:

- Semesteropning Møtepunkt B, Jølet
- Møtepunkt B, Folkehøgskulen
- Møtepunkt B, Brannstasjonen i sentrum
- 5 Møtepunkt B, Bedehuset
- Gaming-kveld for Møtepunkt Ung, bedehuset
- Mange Møtepunkt Ung samlingar på onsdagar
- Sandane Soulchildren starta opp att med øvingar på torsdagar



## Møtepunkt Ung

Er namnet på ungdomsarbeidet vårt.



Det er fantastisk stas at vi har kome i gong med dette, og gler oss til å kunne arbeide vidare med ungdomsarbeidet i ei tid med mindre smitterestriksjonar.

Det har vore organisert som 2 Møtepunkt Ung-grupper, ei for vidaregåande, og ei for ungdomsskule. VGS-gruppa har i utgangspunktet hatt samling annankvar onsdag. Der har det møtt 4-5 jenter.

Samlingane er heime hos Vegard og Inger

Johanne Blikra Fagerli og Inger Johanne har ansvar for desse samlingane. Ein del kveldar har blitt avlyst.

Ungdomsskulegruppa har hatt samling kvar onsdag. Dette er aktivitetsbaserte samlingar med andakt og ein prat kring aktuelle tema. Her har det vore 5-6 faste som har møtt, og Vegard Blikra Fagerli har hatt ansvar for samlingane. Samlingane har vore gjennomført i gymsalen på FHS, bassenget, bedehuset eller heime hjå nokon. Også her vert nokre kveldar avlyst på grunn av smittesituasjonen. Vi hadde ei avslutning på året med nokre elevar frå FHS, og då møtte det 12 ungdommar frå ungdomsskulen og fleire frå vidaregåande.

Fifa21 - Møtepunkt B					
Wednesday 24 November 2021					
INFO MY TEAM STANDINGS SCHEDULE					
Find a team or referee					
Group B	Hovudsal	Group B	Hovudsal	Group B	
Paul/Akkel	21:15	Erlend / Ingrid	21:25	Lars M / Elisabeth	
Abdi / Ola		Kristian/Sondre		Paul/Akkel	
Group B	Hovudsal	Group B	Hovudsal	Group B	
Abdi / Ola		Lars M / Elisabeth		Paul/Akkel	

## Internettside: [www.motepunkt.no](http://www.motepunkt.no)

Jesu kjærleik  
for våre bygder  
gjennom våre liv

Velkomen til Møtepunkt B, eit kristent fellesskap på Sandane i Nordfjord.

Vi er i gang igjen!

Gudsteneste på bedehuset i Sagevegen 12 kvar søndag i partallsveker framover!

Bli medlem i Møtepunkt B

I løpet av hausten fekk vi også i gang vår eiga nettside. Dette gjer oss meir tilgjengeleg, også utanfor facebook, og sikrar betre informasjonsflyt. Sida gjev ein god presentasjon av fellesskapet og korleis ein kan kople seg på: både i det som skjer, med gudstenester, ungdomsarbeid og andre arrangement. Men også på korleis ein kan involvere seg i teneste, teikne medlemskap, etablere gjevarteneste m.m.

Tusen takk til Bjørnar Aske og Andreas Tjomsland som har vore primus motor på dette. Med eiga nettside har vi eit vindauge ut i bygda og for alle som er interessert i kva vi driv på med. Vi håpar dette bidreg til å gjer oss meir tilgjengelege og forhåpentlegvis tilnærmelege.

## Møtepunkt B samtalesenter



i februar starta vi eit tilbod vi har kalla for **Møtepunkt b samtalesenter**. I pandemitider og i livet elles kan det jammen vere behov for nokre kloke lyttarar som kan gje tid og plass for det som ikkje er så enkelt i livet. Enn så lenge er Geir Eide og Grethe Reigstad Tennebo samtalepartnerar og det heile er organisert enkelt: den som har behov for ein samtale, kan ta

direkte kontakt og gjere avtalar. Dette er eit tilbod fleire har gjort seg nytte av, og vi håpar at samtalesenteret vert et tilbod som alle aldri opplever som ein ressurs. Takk til Grethe og Geir så langt!

## Bygget



Huset har jo fått stå meir i fred enn vi likar, spesielt på våren. Det er komen opp brannlys og ledelys som markerar rømmingsvegar i heile bygget. Dette var på høg tid å få på plass. I tillegg vart sjølvsgatt dispenserar for handsprit også kjøpt inn og installerte.

## Nytt nattverdssett

Mot slutten av året kjøpte vi inn nytt nattverdssett til fellesskapet. Vi har brukt lånte eller private fat og skåler så langt, og dette har vi erfart som litt for tilfeldig og lite tilfredsstillande. Nattverd er eit sakrament, og ein viktig del av våre gudstenester. Difor tykkjer vi det no er både verdig og rett å kunne ha eit dedisert sett til dette. Og vi syns dei er ganske fine, også.



## Økonomi.

Vi har ein stabil og sunn økonomi, slik styret ser det, men har også behov for å auke denne. I fastgjevarteneste kom det inn **kr 207.213,-**. Takk til alle fastgjevarar! Det er utrolig flott og det er denne gjevartenesta som gjev føreseieleg stabilitet.

I kollektar og andre gåver vart det gjeve knappe **27.000,- kr**. Vi er takksame for alle gåvene som er gjevne.

- Møtepunkt B bidrog også til TV-aksjonen «Barn, ikkje brud» i 2021 med **kr 6350,-** og vart med det blandt dei største bidragsytarane til aksjonen i kommunen vår.
- Vi gav også ein kollekt til Normisjon sitt planteprosjekt i Førde, i samband med at leiaren der, Stian Stokkebekk, bidrog med forkynning til oss. Norfelleskapet som dei heiter, er på mange måtar vår søstermenighet, og det var fint å kunne velsigne dei med ei gåve på **kr 5900,-**
- Ca 3000,- kr. er vidaresendt til misjonsprosjektet vårt i Bangladesh
- og 3000,- kr til regionen. Grunnen for at desse bidraga er lågare i år, er fordi kollekt og gåveinntektene er lågare pga. færre samlingar. Dermed er 10% av gåveinntekter ikkje imponerende, men her lovar vi å komme sterkare tilbake.

Ved utgongen av 2021 hadde vi ein eigenkapital på **kr 452.122,-**

Styret vil også nemne at vi er takksame for den jobben som Kjell Magne Birkelund gjer med å halde orden i økonomien vår.

Stillingsauke i 2022.

For 2022 aukar vi stillinga til Vegard Tennebø med 20%. Dette, samt vedlikehald på bygg og drifta av fellesskapet for framtida, krev at vi framleis treng fokus på god og solid bygging av eigen økonomi. Her ønskjer vi å arbeide med å utfordre fleire fastgjevarar til teneste.

## Medlemmar

For første gong oppmoda vi til medlemskap i samband med det som vart årsmøtet i fjor haust (september). Dette har vi tidlegare (i Møtepunkt B si korte historie) ikkje hatt fokus på, men vil vere naturleg no når vi har fått heile fellesskapet inn i tydeligare og meir avklarte rammer.

I 2021 hadde vi

**29 vaksne** medlemmar i Møtepunkt B og

**33 medlemmar** innmeldt i Møtepunkt Barn.

Potensialet for mange fleire er absolutt til stades.

## Takk!

Styret vil takke alle involverte medarbeidarar, forbedarar og gjevarar. Takk til leiargruppa for stor innsats. 2021 vart vonleg siste året der pandemien gjore store inngrep i våre møtepunkt, rytmar og aktivitetar. Mange har vore trufaste og tolmodige gjennom 2 år. Møtepunkt B er drive av og bygd på frivillige som bidreg med evner, talent, nådegåver og gjevarteneste. Som styre er vi useieleg stolte av og takksame for alt engasjement Møtepunkt B er plattform for. No gler vi oss til å saman kunne rette fokuset framover. Vi har forventning til kva Gud ønskjer å gje og gjere til og gjennom oss. Møtepunkt B har klort seg fast og er her for å bli! Så velkommen med vidare på reisa.